



MØTEPROTOKOLL

Utval: Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 02.10.2018
Tid: 14:00 - 15:55

Faste medlemmer som møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|-----------|---|
| Karin Ertesvåg | Medlem | Ulstein Pensjonistlag |
| Eli Skaatun | Nestleiar | Vestre Sunnmøre lokallag for NFU (Norsk forbund for menneske med psykisk utviklingshemning) |
| Janlaug Dimmen | Medlem | Ulstein Revmatikarlag |
| Ottar Kaldhol | Leiar | Ulstein kommunestyre |
| Roar Øvrebøe | Medlem | HLF – Hørselshemmedes landsforbund |
| Inger Marie Kleiven | Medlem | Ulstein/Hatlø Pensjonistlag |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|-----------------------|
| Anne Karin Dalehamn | MEDL | Ulstein Pensjonistlag |

Varamedlemmer som møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|-------------------|---------------------|---|
| Synnøve Breivik | Anne Karin Dalehamn | Ulstein Pensjonistlag |
| *Ingebjørg Worren | Eli Skaatun | Vestre Sunnmøre lokallag for NFU (Norsk forbund for menneske med psykisk utviklingshemning) |

Frå administrasjonen møtte:

| Navn | Stilling |
|--------------------|-----------------------|
| Marit Botnen | Kommunalsjef omsorg |
| Gry Osnes Nordal | Kommunalsjef oppvekst |
| Knut Erik Engh | Ordførar |
| Kari Marie Øvrebøe | Utvalssekretær |

Permisjonar/Ugildskap

- Eli Skaatun stilte spørsmål om habilitet i sak PS 18/29 *Snoezelen som spesialpedagogisk metode - endring i tilbodet*, då ho er verje for ein part i saka. Fellesrådet fann ho ugild i saka, jf. Forvaltningslova § 6 d. Ingebjørg Worren tok sete.

SAKLISTE

| Saksnr | Tittel | Arkivsaknr |
|----------|---|------------|
| PS 18/26 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE | |
| PS 18/27 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE | |
| PS 18/28 | MELDINGSSAKER | |
| RS 18/8 | INFORMASJON OM BRUKARORGANISASJONEN FOR SLAGRAMMA OG PÅRØRANDE - LHL HJERNESLAG | 2018/1372 |
| RS 18/9 | HANDHEVING AV SKILTING AV PARKERINGSPLASSAR FOR RØRSLEHEMMA | 2018/948 |
| PS 18/29 | SNOEZELLEN SOM SPESIALPEDAGOGISK METODE - ENDRING I TILBODET | 2018/182 |
| PS 18/30 | UTTALE - DETALJREGULERING SOLSTIEN OG BERNTMARKA - MELDING OM OPPSTART | 2018/1386 |
| PS 18/31 | INVESTERINGSPROSJEKT - RETNINGSLINER | 2018/1295 |

EVENTUELT

- Eli Skaatun orienterte om status i arbeidsgruppa «Leve heile livet - kvalitetsreform for eldre».
- Karin Ertesvåg tok opp problemstillinga om mat og medisineriing i offentleg sektor. Kva er situasjonen i Ulstein kommune? Fellesrådet ber om ei orientering om dette i neste møte.
- Fellesrådet ønskjer ei orientering og status om saumlause tenester i oppvekstsektoren i Ulstein.

ORIENTERING:

- Hildegunn Utgård skulle orientere om velferdsteknologi, men melde fråfall. Ho orienterer fellesrådet 14. november i staden.
- Arne Runar Vik, kommunalsjef teknisk, orienterte om parkeringsplassar for rørslehemma i Ulstein, samt turvegar og parkeringshøva der. Ulstein kommune har per i dag ikkje noko samla oversikt over parkeringsplassar for rørslehemma. Dette vil bli utarbeidd som del av områdeplan for Ulsteinvik sentrum. Oppstart på det arbeidet er planlagt etter at arealdelen er handsama.

Ulsteinvik, 02.10.2018

Ottar Kaldhol
leiar

Kari Marie Øvrebø
utvalssekretær

Roar Øvrebø

Janlaug Dimmen

PS 18/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 02.10.2018:

Innkallinga og saklista vert godkjende med tillegg av desse vedlegga til sak PS 18/29 *Snoezelen som spesialpedagogisk metode – endring i tilbodet*:

- Vedlegg nr. 5: Nye oppdaterte tilbakemeldingar på spørsmål om evt. kjøp av timar ved Snoezelen
Vedlegg nr. 6: Uttale vedr. evt. endring av Snoezelen-tilbod.
Vedlegg nr. 7: Uttale frå om flytting av Snoezelen
Vedlegg nr. 8 og 9: Uttale frå Cecilie Hatløy

Handsaming:

Vedlegg nr. 5 vart ettersendt medlemmene på e-post 02.10.2018, samt lagt fram i møtet.
Vedlegg nr. 6 og 7 er unnateke offentleg innsyn, og vart lagt fram i møtet.
Vedlegg nr. 8 og 9 vart lagt fram i møtet.

PS 18/27 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 02.10.2018:

Protokollen frå møtet 28.08.2018 vert godkjend.

PS 18/28 MELDINGSSAKER

Vedtak i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 02.10.2018:

Fellesrådet tek meldings sakene til vitende.

RS 18/8 INFORMASJON OM BRUKARORGANISASJONEN FOR SLAGRAMMA OG PÅRØRANDE - LHL HJERNESLAG

RS 18/9 HANDHEVING AV SKILTING AV PARKERINGSPLASSAR FOR RØRSLEHEMMA

PS 18/29 SNOEZELLEN SOM SPESIALPEDAGOGISK METODE - ENDRING I TILBODET

Uttale i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 02.10.2018:

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne viser til sitt vedtak i møte 28.08.2018 der fellesrådet m a uttalar at ein ikkje støttar rådmannen si innstilling om samordning og samlokalisering av snoezelen tilboda på Reiten og i Helsekerdalen.

Fellesrådet kjenner stor otte for at ei samlokalisering og samordning av Snoezelentilbudet i Helsekerdalen skal føre til brukarkonflikter, og ikkje minst at det vil gi eit dårlegare tilbod til brukarane både andsynes kvalitet og størrelsen på tilbudet.

Fellesrådet har merka seg at administrasjonen ikkje har funne rom for å involvere brukarane/ føresette i prosessen/arbeidet slik kommunestyre vedtok i sak PS 18/65 – 20.09.2018.

Fellesrådet held fast på, og vil tilrå at Snoezelentilbudet på Reiten skal halde fram.

Handsaming:

Tilråding frå rådmannen:

Ulstein kommune flyttar snoezelen-avdelinga som i dag er lokalisert på Reiten til lokale i Helsekerdalen 24 snarast råd, og med dei føringane det er konkludert med i saksutgreinga.

Fellesframlegg lagt fram ved Ottar Kaldhol:

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne viser til sitt vedtak i møte 28.08.2018 der fellesrådet m a uttalar at ein ikkje støttar rådmannen si innstilling om samordning og samlokalisering av snoezelen tilboda på Reiten og i Helsekerdalen.

Fellesrådet kjenner stor otte for at ei samlokalisering og samordning av Snoezelentilbudet i Helsekerdalen skal føre til brukarkonflikter, og ikkje minst at det vil gi eit dårlegare tilbod til brukarane både andsynes kvalitet og størrelsen på tilbudet.

Fellesrådet har merka seg at administrasjonen ikkje har funne rom for å involvere brukarane/ føresette i prosessen/arbeidet slik kommunestyre vedtok i sak PS 18/65 – 20.09.2018.

Fellesrådet held fast på, og vil tilrå at Snoezelentilbudet på Reiten skal halde fram.

Røysting:

Rådmannen si tilråding fall med 0 mot 7 røyster.

Fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

PS 18/30 UTTALE - DETALJREGULERING SOLSTIEN OG BERNTMARKA - MELDING OM OPPSTART

Uttale i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 02.10.2018:

Fellesrådet tek melding om reguleringsoppstart til orientering.

Fellesrådet vil vidare peike på tilhøve som stigning og utforming av vegar og stiar som tilfredsstillar universell utforming.

Vidare vil ein minne om behovet for god belysning, skilting og ikkje minst nødvendig og nok parkeringsareal for rørslehemma.

Fellesrådet viser elles til vegleing for universell utforming.

Handsaming:

Tilråding frå kommunalsjef teknisk:

Melding om oppstart vert lagt fram utan tilråding.

Fellesframlegg:

Fellesrådet tek melding om reguleringsoppstart til orientering.

Fellesrådet vil vidare peike på tilhøve som stigning og utforming av vegar og stiar som tilfredsstillar universell utforming.

Vidare vil ein minne om behovet for god belysning, skilting og ikkje minst nødvendig og nok parkeringsareal for rørslehemma.

Fellesrådet viser elles til vegleing for universell utforming.

Røysting:

Fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

PS 18/31 INVESTERINGSPROSJEKT - RETNINGSLINER

Uttale i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 02.10.2018:

Fellesrådet meiner at brukarmedverknad må stå sentralt i eit slikt reglement.

Handsaming:

Tilråding frå rådmannen:

Ulstein kommune godkjenner nytt reglement for gjennomføring av investeringsprosjekt slik det ligg føre.

Reglementet erstattar tidlegare instruksjer, reglement eller handbøker om investeringsprosjekt i Ulstein kommune.

Fellesframlegg:

Fellesrådet meiner at brukarmedverknad må stå sentralt i eit slikt reglement.

Røysting:

Fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

-----o-----

Lenke vert sendt til:

1. Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
2. Rådmannen
3. Servicetorget
4. Kommunerevisjonen
5. Vest Kontroll v/Jostein Støylen
6. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Avdeling for demokrati og kommunikasjon
02.10.2018

Kari Marie Øvrebøe